



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Vestlandsrådet  
Pb. 130 Sentrum  
4001 Stavanger

FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		34547/2012/033	Robert Løvik	05.06.2012

## Ny politisk plattform for Vestlandsrådet 2012 - 2015

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal fatta 22. mai 2012 følgjande samrøystes vedtak i sak 91/12:

"Fylkesutvalet i Møre og Romsdal slutta seg til utkastet til plattform for Vestlandsrådet 2012-2015 med følgjande tillegg:

### **Påverke rammevilkåra for viktige næringer for Vestlandet**

Nytt punkt:

#### **Sikre gode rammevilkår for landbruket på Vestlandet.**

Landbruket på Vestlandet er mellom dei mest effektive i landet trass sin bruksstruktur. Det er likevel også slik at landbruket er ein stor trivselfaktor for landsdelen, og har store opplevingsverdiar knytt til næringa gjennom stell av landskap og produksjon av rein mat. Vestlandsrådet vil vere eit aktivt talerøyr for at landbruket i landsdelen skal ha gode vekst og-inntektsvilkår som står i høve til arbeidsinnsatsen og legg grunnlaget for turistnæring også utanom byane og tettstadane. Vestlandsrådet vil leggje vekt på ein utviklingspolitikk som tek vare på dei knappe landbruksareala ein har på Vestlandet.

### **Samferdsel**

Nye punkt:

#### **Sikre naturmiljøet**

Gjennom bygging av nye samferdselprosjekt vil ein til dels gjere store inngrep i den vakre og unike Vestlandsnaturen som vil påverke miljøet, plante og dyrelivet.

Vestlandsrådet vil arbeide for at ein legg til rette for å ta omsyn til artsmangfaldet i plante og dyrelivet så langt dette er mogleg når ein planlegg og bygg ut nye samferdselprosjekt, og dette ikkje kjem i konflikt med trafikktryggleiken prosjektet.

### **Styrkje flytrafikken**

Over større distansar vil fly ha ein større føremon enn bil både som passasjer- og godstransportør.

Vestlandsrådet vil arbeide for at det vert etablert gode og tenlege flyruter mellom dei ulike regionane på Vestlandet innan passasjer- og godsfrakt.”

Med helsing



Jon Aasen  
fylkesordførar